



PRIS: Verket «Soft» av Bente Knudsen Sanden. **FOTO:** TOM RIIS

Pris til Bente Knudsen Sanden fra Nissedal

SKIEN: Billedkunstneren Bente Knudsen Sanden ble nylig tildelt en pris fra Marshall of the Pomeranian Voivoship i Polen.

FREDRIK STRØM
fredrik.strom@ta.no
970 04 857

Utdelingen skjedde i forbindelse med åpningen av utstillingen

Baltic Mini Textile Gdynia på Gdynia City Museum i Polen. Det er Trine J. Billington som skriver dette i en pressemelding.

Knudsen Sanden fikk prisen for sitt verk «Soft» og Billington skriver at «Det å få stille ut og få en pris på denne utstillingen, hvor internasjonalt anerkjente kunstnere deltar, vitner om høy kunstnerisk kvalitet.»

– Å bli faglig diskutert og vurdert i nye omgivelser, «fristilt» fra kjente forventninger, forutinntatthet og nettverk, motiverer, sier nissedalkunstneren selv i pressemeldingen. Kunsten legger til at hun ble glad for å bli gitt muligheten til å stille ut på utstillingen.

– Prisen er mer enn jeg kunne håpe på. For meg som kunstner er den en tilbakemelding om at

noen har sett noe – og åpenbart trodd på det de har sett, sier hun.

Ifølge Billington kretser Bente Knudsens arbeid rundt «sanning, stofflighet og materialenes fysiske utstråling og kommunikasjon. Verkene gir rike assosiasjoner og tolkningsmuligheter. Kunstneren ønsker selv at arbeidene skal gi rom for fabulering og forundring.»

• Vest-Tekmark blad

Torsdag 17. mars 2016 • 5

Kultur

Nissedøl fekk kunstpris i Polen

Kunstnar Bente Knudsen

Sanden har for sitt nye arbeide «Soft» fått ein pris frå Marshall of the Pomeranian Voivoship.

VTB Geir Ufs
geir.ufs@vtb.no

Bildekunstnar og kunsthåndverkar Bente Knudsen Sanden har eltt av sine arbeide med i utstillinga Baltic Mini Textile Gdynia, Polen. «Soft», der materialet er tekstil, tre og pleksi, blei tildelt ein pris under opninga 11. mars.

Polen har ein historisk lang tradisjon og ein sterkt internasjonal posisjon innan teknisk kunst. Det å få stille ut og få ein pris på denne utstillinga, der internasjonalt anerkjente kunstnarar deltek, vitnar om høy kunstnarisk kvalitet.

– Eg var glad for å få moglegheita til å vise eitt av arbeida mine på utstillinga. Prisen er meir enn eg kunne håpe på. For meg som kunstnar er han ei tilbakemelding om at nokon har sett noko – og helt klart trudd på det dei har sett. Å bli fagleg diskutert og vurdert i nye omgjevnader, «fristilt» fra kjente forventningar, forutinntatthet og nettverk motiverer. Det er det viktigaste, sier Sanden.

Utforskar grensene

Arbeida til nissedølen krinsar rundt sansing, materialets fysiske utstråling og kommunikasjon. Verka gjev rike assosiasjoner og moglegheiter for tolking.

Kunstnaren sjølv ynskjer at arbeida skal gje rom for fabulering og forundring. Ideen ligg ikkje i eitt motiv, men i summen av tilsynelatande ubetydelege detaljar som dannar ein velkomponert heilskap. Sanden legg vekt på at både det kunstnariske og handverksmessige alltid skal vere like godt gjennomarbeidd.

Sanden utforskar generelt grensene mellom ulike kunstnariske teknikkar. Det taktile, subtile og formenes fysiske eigenskapar og utstråling er viktige ele-



«Soft»: Dette verket til Bente Knudsen Sanden fekk nyleg pris på ei utstilling ved Gdynia City Museum. (Foto: Tom Riis)


ment i val av teknikk og materiale. Ein kan oppleve arbeida til kunstnaren i eit spenningsfelt mellom leik og refleksjon; konkret, sannsbart eller abstraksjon. Kunsten har eit aktivt forhold til verkelegheita, og er ein døropnar for det kjenslemessige og analytiske rom.

Separatutstillingar

Sanden har opp gjennom åra hatt fleire separatutstillingar, delteke på ei rekke gruppe- og kollektivutstillingar, utført utsmykkingsoppdrag, hatt offentlege innkjøp og motteke ei rekke stipend.

Kunstnaren har også hatt eit breitt fagpolitiske engasjement og hatt ei rekke sentrale verv på regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.

Sanden har motteke Statens garantiinntekt sidan 2008.



Motiverer: Bente Knudsen Sanden blir motiveret av at arbeidet hennar er fagleg diskutert og vurdert i nye omgjevnader. (Arkivfoto)